

M A R S - R U T I N A

1. Formannskonferansen i april

2. Sommerleir

3. Møte om Fagleg Program

4. Rapportering på folk som skal i militæret

Oslo 21/2 1975

Organisasjonsutvalget

FORMANNSKONFERANSEN I APRIL

Dagsorden for 1.mai:

1. Den politiske og taktiske stoda
2. Vår politiske linje, sentralt og lokalt
3. Organiseringa av 1.mai-arbeidet
4. Ymse - KK-bestilling, avtaler om rapportering, taler o.l.

OU held hovedinnleiinga. Laga må vera budd på å ta opp lokale problem i politikken og taktikken og rapportere om massemobiliseringa. Vi tar ei kort drøfting av det første punktet og bruker mest tid på 2 og 3. Det er uråd nå å si kva som vil vera dei sentrale problema i april, men vi kan nemne: parola mot supermaktene, tilhøvet til SV, dei viktigaste klassekampsakene osv. Punkt 3 må i hovudsak drøftast ut frå den lokale stoda, med sikte på å få fram føynslar frå massearbeidet, drøfte taktikken i frontar osv. Til punkt 4 må alle lag ha med bestilling av 1.mai-nummeret av KK. Dermed sparar vi mykje ekstra-arbeid både for KK-distribusjonen og andre, og KK kan planlegge i god tid kor mykje dei treng av 1.mai-nummeret. Vidare er dette siste frist for å varlse om dei vil ha talar sentralt frå. Til sist vil vi ha med eit opplegg for rapportering på 1.mai-arbeidet.

Framlegg til dagsorden for valkampen:

1. Målsetting med valkampen. Dei politiske hovedsakene.
2. Valkampen. Innretting. Balkampformer/organisering av RV. Økonomien.
3. Liste (der det er aktuelt). Programarbeid/lokal propaganda.

Vi tek opp dette framlegget 1.dag og vedtek dagsorden endeleg da.

Vi minner om 1.mars som frist for å melde usemje om tidspunktet.

SOMMARLEIR

Vi viser til artikkel i mars-nummeret av TF. Og vi minner om at sommarleiren skal drøftast på avdelings- eller stadlagsmøte.

MØTE OM FAGLEG PROGRAM

FU har laga eit debattopplegg for drøftinga av det siste utkastet som er trykt i TF for mars. Det er ikkje lagt opp til obligatorisk drøfting av det faglege programmet denne våren, men skal det bli bra, må vi ha inn kommentarar. Vi vil oppmode til frivillige diskusjonar der det er muleg, og i alle fall vil vi sterkt oppmode alle som har kommentarar/kritikk til å sende han inn.

RAPPORTERING PÅ FOLK SOM SKAL I MILITÆRET

Dette er ein fast instruks for rapportering når medlemmer skal i militæret. Vi treng: namn, heimstadsadresse, når dei er utkalt, våpengrein/forlegning om dei veit det og militært nummer. Dette skal leverast til OU (ikkje sendast) saman med kvartalskontingent og kvartalsrapportar.